



# Midsund Fritidsklubb

## Vedtekter for Midsund Fritidsklubb

### 1. Formål

Midsund Fritidsklubb skal gi eit variert fritidstilbod som er tilpassa alle ungdommar. Miljøet i ungdomsklubben skal vere godt og stabilt der alle kan trivast i eit rusfritt miljø.

### 2. Målgruppe

Alle ungdommar i Midsund kommune frå og med 5. klasse til 18 år kan vere brukarar (medlemmar) av tilbodet. Tidvis vil ein og ha tilbod i regi av klubben med målgruppe i frå 6 til 18 år. Desse vil ha særskilte reglar (td. dans, måling etc)

### 3. Rettar

Alle i den definerte målgruppa får rett til fri inngang innanfor opningstida på ordinære klubbkveldar.

Spesielle arrangement eller tiltak i regi av klubben kan ha ein lav eigendel, eller i form av rabattar ved arrangement og kurs etter nærare fastsette satsar frå styret.

### 4. Plikter

Medlemmar i ungdomsklubben skal utføre dei arbeidsoppgåvene dei blir pålagd av styret og som høyrer til drifta av fritidsklubben, t.d. rydding, vasking, kioskvakter, dugnad, etc.

Foreldra til brukarane av tilbodet vil verte innkalla som vakter, 1 gong per foreldrepar kvart driftsår.

### 5. Allmøte med val

Allmøte med val til fritidsklubbstyret, ungdomsrådet og Ungdommens Fylkesting skal haldast innan utgangen av september kvart år.

Alle busette unge i alderen 10 til 18 år har stemmerett ved Allmøtet om samansetjing av fritidsklubbstyret. Eigne reglar for to andre vala.

Allmøtet skal behandle følgjande saker:

- a) Årsmelding Fritidsklubben
- b) Regnskap Fritidsklubben
- c) Val av styre til Fritidsklubben
- d) Handlingsplan kommande år



# Midsund Fritidsklubb

## 6. Styret

Styret skal ha 4 medlemmar frå ungdommen og 3 frå faste i form av leiar helsetenestene, representant ungdomshelsestasjon og kommunalt valt representant i plansaker for barn og unge.

Ungdomsrepresentantane veljast på Allmøtet, og heile styret skal ikkje bytast ut kvart år. Dette er for å sikre kontinuitet i drifta. Klubbleiar er sekretær til styret.

## 7. Styret sine arbeidsoppgåver

Styret er ansvarleg for drifta av ungdomsklubben og skal utforme retningslinjer for medlemmane sine rettar og plikter. Medlemmane er pålagt å følgje det reglementet som styret til ein kvar tid vedtek.

Styret legg handlingsplan for aktivitet i regi av fritidsklubben for eit heilt år frå september til september, og har ansvar for å planleggje, finansiere, setje i verk og følgje opp tiltaka vedtekne av Allmøtet.

Nye større tiltak gjennom året kan setjast i verk etter initiativ frå ekstraordinært Allmøte i klubben med og i samarbeid med klubbleiar.

Eventuelle endringar i vedtektene skal godkjennast av Allmøtet ved Midsund Fritidsklubb, Midsund Ungdomsråd og Midsund kommunestyre.



# Midsund Fritidsklubb

## Reglement

### 1. Ungdomsklubben er rusfri.

Det er ikkje lov å nyte alkohol eller andre rusmiddel i lokala til ungdomsklubben eller på området omkring.

Brot på denne regelen vil bli straffa med utestenging i 4 veker. I tillegg vil heimen bli varsla om situasjonen. Skjer det fleire gonger, vil styret vedta ei strengare reaksjonsform, i yttarste konsekvens utestenging.

### 2. All form for mobbing er forbode.

Brot på denne regelen vil bli straffa med utestenging i 4 veker. I tillegg vil heimen bli varsla om situasjonen. Skjer det fleire gonger, vil styret vedta ei strengare reaksjonsform, i yttarste konsekvens utestenging.

### 3. Røyking er forbode.

Det er ikkje lov å røyke i lokala til ungdomsklubben eller på området omkring. Brot på denne regelen vil føre til at vedkomande blir pålagt ekstra arbeidsoppgåver, t.d. vasking, rydding, dugnad, etc.

### 4. Sko skal ikkje brukast innandørs.

Brot på denne regelen vil føre til at vedkomande blir pålagt ekstra arbeidsoppgåver, t.d. vasking, rydding, dugnad, etc.

### 5. Øydelegging av utstyr.

Utstyr som blir øydelagt som følgje av ei overlagt handling skal erstattast.

### 6. Medlemmane er pålagt å følgje arbeidslister som blir sett opp av styret.

Brot på denne regelen vil bli rapportert til foreldra.

Medlemmane er kjent med at brot på reglementet går ut over dei andre medlemmane i ungdomsklubben. Det er viktig at alle yter sin innsats for at ungdomsklubben skal fungere!